



**DET SOM SKAL TIL FOR Å HJELPE MENNESKE I ANDRE LAND ER IKKJE BERRE EIT KONTOENUMMER. DET ER INVOLVERING. BLI MED SOGN OG FJORDANE RØDE KORS PÅ OPPDRAG TIL BOSNIA.**

# Hjelpe som kjem fram

Vatnet frå elva Sava steig og steig. Det hadde omringa det grå murhuset til den 77 år gamle kvinna. Ho kom seg ingen veg. Vatnet kraup oppover grunnmuren. Fortare. 30 centimeter i timen. Til slutt kom det ein lastebil med redningsmannskap forbi. Ho rømde gjennom stovevindauguet med det ho sto og gjekk i. Det gjekk så fort, ho veit ikkje eingong kven som redda ho.

– Eg miste alt, eg måtte byrje heilt på nytt, seier Iliuka Iladojevic.

To døgn tidlegare. Lyset i hotellrestauranten på Gardermoen er dempa. Rundt bordet sit fem røde korsarar og diskuterer strategi for avreise til Bosnia neste morgon.

– Vi har fått eitt til to minutt taletid ved overrekkingsseremonien av båten. Vi må vel sei noko om det vidare samarbeidet? Seier Jorunn Ringstad, leiar for delegasjonen.

Sogn og Fjordane Røde Kors samarbeider med Brcko Røde Kors i Bosnia og Hersegovina. På dette besøket skal dei fem vere med å overlevere ein redningsbåt som lokalforeiningar i Sogn og Fjordane i tillegg til den norske Ambassaden i Sarajevo og Brcko distrikt har vore med og sponsa.

– Så skal vi forhandle. Vi må få avklart om flaumen har endra nokon av føresetnadene for samarbeidet på dei ulike aktivitetsområda ungdom, omsorg og redning. Så får vi tru at vi får eit godt grunnlag for kva vi skal vektlegge i møtet med den norske ambassadøren dagen etterpå, seier Ringstad. Shuttlebussen går klokka 0545, så det er på tide å avslutte for dagen.

## DÅRLEG SAMVIT

Iladojevic' fekk rømt til søstera si. Ho skifta mellom å bu hjå ho, dottera og slektningar. Det følte ho som ei belastning for dei, det var ikkje noko god kjensle. Men det var ingen andre mogelegheiter.

I alt var 2500 personar evakuerte frå Brcko og områda rundt. Dei fleste heldt seg hjå slekt og vener, men eit hundretals personar måtte vere på eit evakueringscenter som Røde Kors oppretta i ein gymsal. Der budde mange i fleire månader. Røde Kors hadde ei distribusjonsliste på 600 husstandar for vatn, mat, hygieneartiklar og kle. Iladojevic' sto også på denne lista, og fekk hjelp dei venene vatnet dominerte i Brcko.

Delegasjonen frå Fjordfylket sit i ein minibus på veg frå Beograd, via Kroatia til grensebyen Brcko i Bosnia. Då vi nærmar oss elva på den kroatiska sida, har nesten samtlige hus fått hakka vekk dei nederste to meterane med murruss. Dette er einaste måten å tørke ut flaumen på.

## STOLT PRESIDENT

– Velkommen. Kjekt å sjå dykk! seier Dragan Matijevic president i Brcko Røde Kors. Han er glad, men smal i augene etter mykje jobbing i det siste. I morgon er den store dagen då heile redningstenesta skal bli kollektivt heidra gjennom gatene etter innsatsen under flaumen, og Røde Kors skal få overlevert ein etterlengta redningsbåt.

– Alt er klart, eg er veldig stolt, seier Matijevic.

Redningsbåten er eit resultat av samarbeidet med Sogn og Fjordane Røde Kors. Sidan 2010 har frivillige Hjelpekorpsarar drive opplæring av frivillige i søk og redning både til lands og til vanns. Sogn og Fjordane Røde Kors har også samla inn pengar og helde den norske ambassaden nok oppdatert til



Iliuka Iladojevic fekk flaumvatnet i mai 1,5 meter opp på veggene i stova. Ho har fått hjelp av Røde Kors til å starte på nytt. Her syner ho at sette-lauken er i jorda før frosten kjem.

å gå inn med den avgjerande økonomiske støtta. No skal det forhandlast om det vidare samarbeidet mellom våre distrikt. Blir det ungdomsutveksling mellom våre fylker, kan vi bidra til eit suppekjøken og korleis er det med instruktørar innan søk og redning?

## HEIMEN SNUDD PÅ HOVUDET

– Det var heilt forferdeleg å komme tilbake etter at vatnet hadde gått ned, seier Iladojevic. – Eg var ikkje budd på det, eg heldt på å få slag. Det har ikkje vore vatn i huset mitt sidan eg flytta inn i 1967. No var alt opp ned og tilsmurt av gjørme. Alt måtte ut. Det einaste som var i orden var golvbetongen, fortel ho.

Ho er ein av dei 150 huseigarane i byen som har fått eit investeringstilskot frå Den Internasjonale Røde Kors Føderasjonen på 11.000 kroner til å reparere huset. No har ho fått ein ny radiator - frå Norge - ein sofa, eit spisebord, ein kjøkendisk. Veggane er nyisolerte og kvitmalte. På ei hylle står eit falma bilde av ektemannen og ein del andre gjenstandar ho har fått tak i. Ho har fått tilbake heimen sin.

Det er forhandlingsmøte om samarbeid med Brcko Røde Kors i 2015.

– Velkommen tilbake til oss, seier dagleg leiar Denis Sehanovic i Brcko Røde Kors.

– Under flaumen har vi synt styresmakterne her kva vi kan gjere. No er vår kapasitet godkjent, så då får vi sjå kva det er verd, seier han.

– Kva felt ser de for dykk at vi kan samarbeide om innan dei sosiale områda, spør tilretteleggar Bente Nilsen frå distriktskontoret i Sogn og Fjordane.

– Oppstart av suppekjøken avheng mykje av lokale styresmakter, men prosjektet der ungdom startar eigen aktivitet, Youth in action, kan gjennomførast uavhengig av det, seier Sehanovic.

v Kan de ikkje sende oss eit komplett budsjett på suppekjøkenet, så kan vi sjå om vi har høve til å bidra, seier Ringstad.

– Kva tenkjer redning om 2015? Spør fagansvarleg for vannredning Kåre Morten Strand.

– For å bli sjølvgåande på redning, må vi ha ei gruppe motiverte instruktørar. Må vi prioritere for 2015, må det bli innan vann-

**Redningsbåten** legg til kai etter ein kort omvisning for hundrevis av tilskodarar. Båten er finansiert av Den norske Ambassade i Sarajevo, Brcko kommune og lokalforeiningar i Sogn og Fjordane.

**Bosnia og Kroatia:** Grenselva mellom bosnia og Kroatia, Sava, har flauma over tre gonger i 2014. 100-årsflaum i mai og sist gong i august. Fiskarane er tidleg ute ein søndags føremiddag.

**Delegasjon på dike:** Einar Målsnes, Bente Nilsen, Jorunn Ringstad og Kåre Morten strand står no oppå eit dike som under flaumen i mai sto 60 centimeter under vatn. Innbyggjarane i dette området vart redda ut med båt.

**Forhandlingar:** Bente Nilsen, Sogn og Fjordane Røde Kors Omsorg, diskuterer samarbeid med dagleg leiar Denis Sehanovic (fremst til venstre). Jorunn Ringstad nærast til høgre, Einar Målsnes bak henne, Kåre Morten Strand, Hjelpekorps, rett imot. Dei bosniske aktivitetseiarane til venstre.

redning, men vi ønskjer sjølvsgagt det same for barmark, seier leiar Adnan Osmanovic i redningstenesta.

– I samband med at de skal møte den norske ambassadøren i morgon, vil eg understreke viktigheita av satsinga på tryggleiksprogrammet «Min by er klar», der vi mellom anna skal lære opp 100 lærarar til å bli førstehjelpsinstruktørar, avsluttar Sehanovic diplomatisk.

Brcko er ingen rik by. Etter flaumen har det blitt tydeleg for alle at Røde Kors har meir å bidra med for å hjelpe til med samfunnsstryggleik og sosiale tenester. Men Brcko Røde Kors må basere sitt arbeid på donerte midlar. Samarbeidet med oss kan sikre tilgang til ambassaden sine fondsmidlar og sjølvsgagt vår kompetanse.

Mission completed  
Fremst i opptoget kjem drilljentene i raudt, så korpset i blå uniformar. Så kjem politibilar, grensepolitibilar, Røde Kors-ambulansar, den splitter nye Røde Kors redningsbåt på tilhengar, brannbilar, sivilforsvarsbilar, 4x4-klubben som var med og køyrde forsyningar under flaumen, dykke-

klubben Nemo og alle dei andre som deltok i redningsarbeidet i mai. Målet for opptoget no sist i november, er ein oppstillingsplass der Røde Kors båt skal visast fram og sjøset-tast. Hundrevis av innbyggjarar følgjer prosesjonen til hamna, der ei scene er bygd for seremonien. Fire TV-fotografar simultantfilmar kvar rørsle. Så skal Jorunn tale:

– Kjære vener! Denne båten er eit resultat av årevis med hardt arbeid i Brcko Røde Kors. Vi håpar båten vil komme til nytte for Røde Kors og innbyggjarane her.

Sakte trillar båtengangane ned i det mørke elvevatnet. Ein jannur frå den 90 hestekrefter store Marinermotoren dreg båten ut av posisjon og ut i straumen. I det føraren vrir rattet og dreg i gassen, jublar tilskod-rane. Det blåfarar i det bosniske, norske og Røde Kors sitt flagg, båten legg seg i plan. Mission completed.

### DEI 100 NESTE ÅR

Under den ståande coctailen etterpå, med litt kalde fingrar, saftige pølser og klissete ostepaia, gjeld det å komme seg i posisjon. Ambassadøren har eit nytt møte klokka 1700 med EU. Sogn og Fjordane Røde Kors har avtalt ein halvtime før. Vi får rigga eit langbord i eit anna rom. Det gjeld å gå rett på sak. Heldigvis fekk vi ein kort oppvarmingsprat rett før paraden.

– Vi likar å bygge på noko som andre har byrja på. Ambassaden har to fond som er moeleg for Brcko Røde Kors å søke på til



Iluka Iladojevic inviterer på bosnisk kaffi og heime-laga honningkaker medan ho fortel korleis ho har fått restaurert huset sitt etter flaumen. Til høgre Alisa Avdic, frivillig rødekorssar.

neste år. Vi ser veldig positivt på søknader der det er samarbeid med dykk, men også med lokale styresmakter. Brei lokal forankring er bra. Suppekjøken er kanskje litt på sida for oss å støtte, men kapasitetsbygging som opplæring og å sette ungdom i arbeid er prosjekt som er innanfor, seier ambassadør Vibeke Liloe, som deler raust av sine tre år med Bosniaerfaring.

Same kveld, ein letta og uhøgtidleg tone

under teglsteinkvelvingar på Restaurant Chichibella. Leiarane frå Brcko og den norske delegasjonen samla rundt eit langbord med blekksprut, biff, kylling og Sarajevsko pils. Neste morgon er det avreise til Norge.

– Samarbeidet med Brcko er planlagt ut 2015. Kva så? spør Sehanovic.

– Vel, vi er så godt i gong at eg ser ingen grunn til å slutte no, kva trur du? spør Ringstad Sehanovic.

– Ja... 100 år kan vel vere passande? svarar Sehanovic, og smiler som var det ei kjærleikserklæring.

I det vesle murhuset ovanfor elvebreidda, går Iladojevic ut i hagen. Ho har fått vekk gjørma som dekkja alt ho hadde sådd i vår, og ho rakk å så nye grønsaker. No har ho fått både løk og kvitløk i jorda for neste år. Arbeidet gjev ho ro og verdifull matauk.

– Kjenner du deg trygg her, spør vi.

Ho heiser kjapt på skuldrane.

– Kvar gong det byrjar å regne er eg redd for at vatnet vil komme att.

– Kvifor valde du å restaurere huset og bli buande?

– Ingen vil kjøpe huset, så då har eg ikkje råd til å kjøpe noko anna.

– Etter flaumen starta eg på null, nett som etter krigen her. Ein vert til tider motlaus, men med hjelp frå Røde Kors fekk eg att heimen min, så eg er svært takkemmeleg.

ASKVOLL	BREMANGER	FJALER	FLORA	FØRDE	FØRDE	GAULAR	HORNINDAL
<b>Askvoll Veterinærkontor</b> 6980 ASKVOLL Tlf. 481 27 075	<b>K. Strømmen Lakseoppdrett A/S</b> 6734 RUGSUND Tlf. 57 79 60 40	<b>Byggmester Nordnes AS</b> 6964 KORSSUND Tlf. 480 31 025	<b>POLITIET</b> Hamneg 3 6900 FLORØ Tlf. 57 75 88 00	<b>Fagskolen TRAFICE</b> 6800 FØRDE Tlf. 57 72 51 30	<b>Bygningsingeniør Nils J. Nordang</b> Firdav 6, 6800 FØRDE Tlf. 57 83 24 00 Mobil 913 47 490	<b>Aase Landbruk AS</b> Steia 3 6973 SANDEISUNNFJORD Tlf. 57 71 64 40	<b>Dyrlege Jan Valheim</b> 6761 HORNINDAL Tlf. 57 87 96 00
<b>Golvleggar Rivedal</b> Vik 6982 HOLMEDAL Tlf. 918 62 442	<b>EID</b>	<b>ANONYM STØTTE</b>	<b>Advokatene Atle og Arild Standal</b> Magnus Thingnæssg. 20 6900 FLORØ Tlf. 57 74 09 30	<b>FIRDA</b> Firdav. 12 6801 FØRDE Tlf. 57 83 33 00	<b>REVISORGRUPPEN</b> 6800 FØRDE Tlf. 57 82 40 90	<b>GLOPPEN</b>	<b>HYLLESTAD</b>
<b>Trappeprodusenten AS</b> 6980 ASKVOLL Tlf. 57 73 02 67	<b>Byggeriet Andor Hovden AS</b> 6770 NORDFJORDEID Tlf. 57 86 20 90	<b>Coop Dale BA</b> 6963 DALEISUNNFJORD Tlf. 57 73 99 30	<b>Steinvik Fiskefarm AS</b> Steinhovden 6940 EIKEFJORD Tlf. 57 75 25 90	<b>ERDA BILLAG</b> 6800 FØRDE Tlf. 57 72 50 00	<b>RICA</b> 6823 SANDANE Tlf. 57 86 73 49	<b>Byrkjelo Bygg og Snikkerverksemd</b> 6826 BYRKJELO Tlf. 57 86 73 49	<b>Brendsdal Bygg AS</b> 6953 LEIRVIK I SOGN Tlf. 951 73264/5778179
<b>AURLAND</b>	<b>Chatlet Sport</b> Moengården 6770 NORDFJORDEID Tlf. 57 86 13 71	<b>Fjaler kommune</b> Fjalerhuset 6961 DALEISUNNFJORD Tlf. 57 73 80 00 fjaler.kommune.no	<b>Vestnes Ocean AS</b> Leivågg, 1 6900 FLORØ Tlf. 57 75 20 70	<b>Tannlege Terje Fjellestad</b> Storehagen 7 6800 FØRDE Tlf. 57 82 62 09	<b>Rica Sunnfjord Hotel og SPA</b> Storehagen 2 6800 FØRDE Tlf. 57 83 40 00	<b>Evebø Blikkenslagerverksted</b> 6823 SANDANE Tlf. 57 86 61 35	<b>HAFS Elektro &amp; Rør AS</b> Eidnesfeltet 6953 LEIRVIK I SOGN Tlf. 57 78 89 00
<b>Aurland kommune</b> Rådhuset 5745 AURLAND Tlf. 57 63 29 00	<b>BYGGERN</b> <b>Eid Bruk A/S</b> 6770 NORDFJORDEID Tlf. 57 88 51 20	<b>Enoro AS</b> Fabrikkgata 6963 DALE I SUNNFJORD Tlf. 57 73 99 70	<b>Vitusapotek Florø</b> Hans Blomgate 39 6900 FLORØ Tlf. 57 75 81 05	<b>FRYDENBØ</b> 6800 FØRDE Tlf. 57 82 99 00	<b>Rune Sund Bygg</b> 6800 FØRDE Tlf. 992 60 962	<b>MØBELRINGEN</b> <b>Sandane AS</b> Tlf. 57 86 56 66	<b>Hyllestad Bygg AS</b> 6953 LEIRVIK I SOGN Tlf. 990 13 060
<b>Brødrene Sonnerheim A/S</b> Skulevegen 51 5745 AURLAND Tlf. 57 63 34 74	<b>Eid Elektro</b> Øyane 12 6770 NORDFJORDEID Tlf. 57 86 47 60	<b>Maskinentreprenør Kåre Haaland A/S</b> Håland 6963 DALEISUNNFJORD Tlf. 57 73 66 06	<b>Førde kommune</b> Hafstadv. 42 6800 FØRDE Tlf. 57 72 20 00	<b>Sunnfjord Betong A/S</b> 6800 FØRDE Tlf. 57 82 25 00	<b>GULEN</b>	<b>Trond M. Sognnes AS</b> 6953 LEIRVIK I SOGN Tlf. 906 99 150	
<b>Vatnahalsen Høyfjellshotell</b> 5718 MYRDAL Tlf. 57 63 37 22 vatnahalsen.com	<b>Eid kommune</b> Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID Tlf. 57 88 58 00	<b>IPM Teknikk A/S</b> 6963 DALEISUNNFJORD Tlf. 57 73 61 05	<b>ARKI arkitekt AS</b> Mob. 907 82 527 www.arki.no	<b>Førde Mekaniske Industri A/S</b> Halbrendøyra 2 6800 FØRDE Tlf. 57 82 17 55	<b>Sunnfjord-renhold ANS</b> 6800 FØRDE Tlf. 473 75 965 sunnfjordrenhold.no	<b>Johny Birkeland Transport AS</b> Slovågen 32 5960 DALSSØYRA Tlf. 57 78 11 70	<b>HØYANGER</b>
<b>Østerbø Fjellstove</b> 5745 AURLAND Tlf. 57 63 11 77	<b>Eid Servicesenter AS</b> 6770 NORDFJORDEID Tlf. 57 86 13 13	<b>Ingolf Viken AS</b> 6961 DALEISUNNFJORD Tlf. 902 05 061 Piperehabilitering	<b>Arnes Frisørhjørne</b> 6800 FØRDE Tlf. 57 82 62 35 www.arnesfrisior.no	<b>Førde Motorsport AS</b> Storehagen 3 6800 FØRDE Tlf. 415 34 245	<b>Toyota Førde</b> Steinav. 10 6800 FØRDE Tlf. 57 72 10 00	<b>Bjørkhaug Maskin AS</b> 6947 LAVIK Tlf. 906 66 540	
<b>Balestrand kommune</b>	<b>Balestrand kommune</b>	<b>Balestrand kommune</b>	<b>Balestrand kommune</b>	<b>Balestrand kommune</b>	<b>Balestrand kommune</b>	<b>Balestrand kommune</b>	<b>Balestrand kommune</b>
<b>Jølster Rør A/S</b> 6843 SKEI I JØLSTER Tlf. 57 72 83 50	<b>Hafslo Bilsenter AS</b> 6869 HAFSLO Tlf. 57 68 35 55	<b>Byggeriet Fretland Bygg A/S</b> Monsemarki 2 6887 LÆRDAL Tlf. 57 66 79 10	<b>Apotek 1 Sogndal</b> Sogningens Storsenter 6852 SOGNDAL Tlf. 57 67 90 70	<b>Sogn Advokatkontor</b> Tlf. 57 67 50 60 Allmennlig praksis advokatkontor.no	<b>Stryn kommune</b> Tonningsgata 4 6783 STRYN Tlf. 57 87 47 00	<b>Måløy Radioforretning a.s</b> 6701 MÅLOY Tlf. 57 85 26 00	
<b>Jølster</b>	<b>Luster Rekneskapslag</b> Pyramiden 6868 GAUPNE Tlf. 57 68 27 70	<b>Lærdal kommune Psykisk Helsevern</b> 6886 LÆRDAL Tlf. 57 66 95 00	<b>4B</b> Tlf. 57 68 14 77	<b>Sogn</b> Tlf. 57 68 14 77	<b>Stryn Trelast A/S</b> Grandev. 4 6783 STRYN Tlf. 57 87 16 80	<b>Måløy Smie &amp; Mek Verksted AS</b> Gate 1 nr 92 6700 MÅLOY Tlf. 57 85 15 40	
<b>Skei Servicesenter AS</b> 6843 SKEI I JØLSTER Tlf. 57 72 82 34	<b>gosh</b> PGP	<b>Lærdal kommune</b> Maristova 6888 BORGUND Tlf. 57 66 87 11	<b>Sogn Kjøleservice AS</b> Bordvegen 6 6854 KAUPANGER Tlf. 57 67 11 11	<b>Thor Tandem Transport</b> Visnesv. 15 6783 STRYN Tlf. 57 87 69 00	<b>VÅGSØY</b>	<b>U N U A/S</b> Gate 2 nr 1 6700 MÅLOY Tlf. 57 84 88 00	
<b>LEIKANGER</b>	<b>Røyrlleggjar-service AS</b> Loteigane 7 6879 SOLVORN Tlf. 57 68 42 72	<b>NAUSTDAL</b>	<b>SOLUND</b>	<b>Yri Sand AS</b> 6789 LOEN Tlf. 57 87 60 40	<b>Bil Body A/S</b> Tlf. 57 85 05 34 Autorisert verksted. Biloppretting/Lakkering - alle merker!	<b>ÅRDAL</b>	
<b>Leikanger Sjukeheim</b> Ohnstadhaugen 15 6863 LEIKANGER Tlf. 57 65 56 54	<b>Sogn Alu Desing ANS</b> 6869 HAFSLO Tlf. 57 68 42 43	<b>Naustdal kommune</b> Kommunehuset 6806 NAUSTDAL Tlf. 57 81 61 00	<b>Byggsenteret Audun Hundere A/S</b> 6851 SOGNDAL Tlf. 57 62 79 79	<b>Skyssbåter Einar Losnegård</b> Losnegård 6926 KRAKHELLA Tlf. 57 78 79 28 / 42	<b>VIK</b>	<b>Prosess-Elektro A/S</b> Meierig. 1 6885 ÅRDALSTANGEN Tlf. 57 64 85 00	
<b>LUSTER</b>	<b>Reiakvam Rørservice</b> Reiakvam 6817 NAUSTDAL Tlf. 57 81 95 70	<b>Reiakvam Rørservice</b> Reiakvam 6817 NAUSTDAL Tlf. 57 81 95 70	<b>Hjelmeland Byggforretning A/S</b> Storebruv. 7 6854 KAUPANGER Tlf. 57 67 83 00	<b>Nummedal Gravferdsbyrå AS</b> 6893 VIK I SOGN Tlf. 57 69 57 55	<b>LASSMESTER</b> 6713 ALMENNINGEN Tlf. 57 85 09 89	<b>Sitla Hotel A/S</b> Tyniv. 3 6884 ØVRE ÅRDAL Tlf. 57 66 58 80	
<b>NTP Heat Transfers</b>	<b>Sogn Rekneskaps-kontor A/S</b> 6868 GAUPNE Tlf. 57 68 10 18 www.sorek.no	<b>Røyseth Maskin</b> 6817 NAUSTDAL Tlf. 57 81 95 70	<b>HIFI-butikken i Sogndal</b> <b>loltet</b> Fjorv. 4, 6856 SOGNDAL Tlf. 57 67 28 95	<b>Hotel Loenfjord AS</b> 6789 LOEN Tlf. 57 87 57 00	<b>Tistel Camping og Feriehytter</b> 6893 VIK I SOGN Tlf. 57 69 54 79	<b>Årdal Blikkenslagerservice AS</b> Sandgota 9 6881 ÅRDALSTANGEN Tlf. 57 66 01 36	
<b>EIKUM HOTEL</b> 6869 HAFSLO Tlf. 57 68 06 00	<b>Tang Hyttgrend</b> 6869 HAFSLO Tlf. 57 68 66 19	<b>Selje Auto AS</b> 6740 SELJE Tlf. 57 85 65 45	<b>Nordbohus Sogn AS</b> 6856 SOGNDAL Tlf. 57 67 23 44	<b>Olden Rør AS</b> 6788 OLDEN Tlf. 57 87 31 85	<b>Vik Bil A/S</b> 6891 VIK I SOGN Tlf. 57 69 84 00	<b>Årdal Reinhalds-service AS</b> Jens Davidsonsveg 2 6882 ØVRE ÅRDAL Tlf. 57 66 30 68	

